



Denne skissa viser kvar det aktuelle tilleggsarealet ligg.

**Forvaltningskomiteen har med fem mot tre røyster og etter framlegg frå Gunn Mari Moberg (H) godteke klagen frå Brit Margrethe Dahle, Stord over at komiteen før jul med sju mot ei røyst sa nei til frådelling av eit tilleggsareal på 180 kvadratmeter til hennar fritidseigedom nær Mjødnasund på Skorpo. Dermed gjekk komiteen no inn for at ho skal få løyve som omsøkt.**

Rådmannen hadde gått inn for at komiteen ikkje skulle ta klaga til følgje og heimla avslaget med at det ikkje føreligg særlege grunnar etter lova.

Saksbehandlaren opplyste at det omsøkte tilleggsarealet utgjer deler av ei fin strand og argumenterte med at andre fritidseigedomar i området gjerne kan ha interesser der.

- Frådelling av tilleggsareal her vil privatisere deler av stranda, skreiv saksbehandlaren.

Til dette svara Dahle at frådellinga ikkje omfatta deler av strandlinja.

Søknaden om frådelling av ein 700 kvadratmeter stor parsell til bustad på Friheim skulle også opp i komiteen på dette møtet, men saka vart trukke av administrasjonen.

Janet Alice Sjo som bur i Sæbøvik men er oppvaksen på og eig Nedre Feet i Uskedalen fekk ikkje fritak for buplikt der. Seks i forvaltningskomiteen gjekk inn for at fristen for å flytta til bruket skulle setjast til 2015 medan to gjekk inn for 2012 som frist.

Janet Alice Sjo overtok eigedomen etter foreldra i 2004 og vilkåret etter odelslova var at ho skulle busetja seg der innan eit år etter overtakinga som var i 2005. Etter dette er det gjeve fritak for buplikt til 2008 og i fjor søkte ho om fritak for buplikta.

Familien ynskjer tid for å avklara om eit av dei tre borna, som er mellom 29 og 35 år, vil overta.

Administrasjonen skreiv i saka at dette er ein gard med store ressurar og ein attraktiv plassering og at borna har ein alder som gjer at dei burde kunna bestemme seg for om dei vil overta.

Av Ola Matti Mathisen